

Nr. 2

MARS 1992

# Møteserie i Arna kyrkje



I tida 17.-29. mars vert det arrangert møteserie i Arna kyrkje med Marit Stokken og Marit Hauge som talarar. Møta begynner kvar kveld klokka 19.30.

**Side 4 og 5**

**Aksjon for Kirkens Nødhjelp**

**Arna 7. april Ytre Arna 18. mars**

**Side 7**

## Lat namnet ditt helgast

så mange vakre namn  
det er i verda  
som solskin er  
dette eine:

Gud

Jesus

eg må vere stille

berre kviskre

du

bli hos meg

stygge ord  
blir forandra  
til gode ord

Gud

når vi lyttar  
til deg

Skriven av Oskar Stein Bjørlykke.  
Frå heftet "Fadervår", IKO-forlaget 1991.  
Trykt med løyve.

## Årsmøte for Arna sokn 15. mars

Etter høgmessa i Arna kyrkje søndag 15. mars vert det halde årsmøte/soknemøte for Arna sokn. Soknerådet legg fram årsmelding og reikeskap for 1991. Det skal også veljast ny vararepresentant til bispedømmemøtet. Soknerådet innstiller på Bjarne Fjelltveit.

## Nattverd i kyrkja

Det er tradisjon i Arna prestegjeld at det er nattverd på annankvar Gudsteneste. Under bispevisitasen vart vi oppmoda til å vurdere nattverdfrekvensen. Mange stader er det nattverd ved kvar Gudsteneste. Sidan vi har mange dåpsborn i prestegjeldet vil ein halda fram med den ordninga som vi har hatt med dåp og nattverd annankvar gong. For både å imøtekoma ynskje frå dåpsfamiliar om dåp på ein spesiell søndag, og samstundes auka talet på nattverdssøndagar vert det både dåp og nattverd på same Gudstenesta av og til.

Ved feiring av nattverd kan det vera eit problem for rullestolbrukarar og ein del andre å koma opp dei tre trinna til koret og knefallet. I slike høve kan presten koma ned til første benken under siste knefallet slik at ein ikkje treng å koma opp i koren.

Jamnleg nattverdsgong høyrer kristenlivet til. Vi skal få koma som vi er til han «som tok mot syndarar og sat til bords med dei.» Vi skal fromdig og med glede gå til Herrens bord og ta i mot han og den nådegåve han gjev ved sitt bord. K.N.

## Han vil samle prestehistorier frå heile landet

Korleis ser grasrota i bygd og by på prestanden? Det vil vi kunne få inntrykk av når Arve Kværnum, den eine av forfattarane til boksuksessen «Lensmenn i skjemt og alvor», har samla historier frå heile landet knytta til verksemda til prestar.

— Ideen til ei bok med prestehistorier fekk eg allereie medan eg heldt på med lensmannsboka saman med tidlegare lensmann i Røyken, Ernst Sivesind. Det fins bøker med prestehistorier, men mest alt som er nedskrivne, er gjort av prestar. Det er ikkje noko gale i det, og eg håpar vi skal få inn historier, frå prestar óg. Men poenget er først og fremt å få samla inn prestehistorier frå grasrota — over heile landet, seier Arve Kværnum.

Han legg til at det neppe finst nokon annan embetsstand det er knytta så mykje kulturhistorie til som til prestane. Nettopp difor må ikkje prestehistoriene hengja i lause lufta som enkeltstående morosame historier og bli oppfatta som ei samling med vitsar. Det vil korkje prestane eller kyrkja vere tente med. Historiene må vere ein del av eit miljø og ein tidsepoke, og dei må — så langt råd er — vere knytta til namn på prest og stad og tid slik at dei fortel eit stykke kulturhistorie. Det morosame blir ikkje mindre morosamt av den grunn, men får på denne måten ein langt større verdi.

## Kyrkjeskyss til Garnes, Skyggestrand og Trengereid

Kanskje har de som bur i dette området også hug å koma til kyrkje.

Men på grunn av manglande skyss har det vore vanskeleg.

Til kyrkje er det greit, for då går det rutebuss frå Trengereid kl. 10.05, bruk denne.

Bussen som eldresenteret brukar kan vi få leiga, så den vil gå i retur etter Gudstenesta evt. kyrkjekaffi.

Dette vert ei prøveordning 2 søn-/helgedager i månaden, og dei vil verta kunngjorde i kyrkjelydsbladet. Vert det god oppslutnad, kan det verta ei fast ordning.

Dersom nokon har vanskar med å bruka rutebussen, kan de ringja Turid Mjelde, tlf. 24 28 71. Så skal det verta ordna med bil til kyrkja også.

Prøveordninga framover vert:

15. mars — 29. mars

5. april — 19 april (Påskedag)

Velkommen til kyrkje!

Diakoniutvalget

# Møteserie i frå 17. til



*Marit Stokken vert med på møteserien i Arna kyrkje.*

I tida 17.-29. mars vert det arrangert møteserie i Arna kyrkje med Marit Stokken og Marit Hauge som talarar. Møta begynner kvar kveld klokka 19.30.

Under møteserien vert det sang av Musikklaget Indre Arna, ungdomskoret Emanuel, Unge kristne, Betania Barnekor, Barnerøster, Hagavik-trioen, Ungdomsvarden frå Osterøy, Keryx, Arna Kyrkjekor og Arna Kammerkor.

Det vert ikkje møte mandag 23. mars.

Laurdag 21. vert det laurdagskafe i kyrkjelydshuset etter møtet, klokka 21.

Laurdag 28. mars vert det barne- og familiemøte klokka 16.00. Kveldsmøtet går då ut den dagen.

Det er indremisjonslaga og soknerådet som har gått saman om å arrangera møteserien i kyrkja. Sokneprest Kjell Nese seier

# Arna kyrkje 29. mars




*Marit Hauge vert med på møteserien i Arna kyrkje.*

at målet med møteserien er å få fleire med til kyrkje. Det er også eit mål å styrke den kristne fellesskapet i heile kyrkjelyden.

-Det kristne arbeidet i Arna er delt opp i forskjellige lag og foreningar. Det fører til at det kanskje ikkje vert så mykje fellesskap i verksemda til vanleg. Eit slik møteserie kan gi mer av slik fellesskap. Det er også rikt og verdfullt å kunne samlast intensivt og regelmessig til møte over ein lengre periode, seier sokneprest Kjell Nese.

Marit Stokken og Marit Hauge har i mange år vore tilsett som forkynnarar i Det Vestlandske Indremisjonsforbund. Dei legg mykje vekt på songen i møta som dei held.

Program for møteserien står også i preikelista i dette nummeret av kyrkjelydsbladet.



# Prestegarden i Arna



Underskriftslistene for å rehabilitera den gamle prestegarden har vore utlagd over heile Arna, fra Trengereid til Haukeland, og har så langt vi har oversikt over gitt ein brukbar oppslutning, seier Bjarte Gjellesvik, som er formann i interimstyret for rehabilitering av prestegarden.

-Vi veit at Bergen kommune no er i ferd med å utreda saka, og vi vil gje dei litt tid til det. Underskriftslistene vil verta overlevert til kommunen. Det som no må skje er at kommunen tek eit initiativ overfor departementet for å få overta eigedomen til rehabilitering.

-Vi har fått signal om at Arna yrkesskule kan tenkja seg å foreta rehabiliteringa som praksis for elevane sine. Det vil spara store summer.

Vi reknar med at prosjektet kan verta sjølvfinansierande ved at den noverande prestebustaden vert selt og pengane for saket verta nytta til rehabiliteringa av den gamle prestebustaden, seier Bjarte Gjellesvik. Ein rapport vi har fått frå et byggeteknisk konsulentfirma konkluderar med at prestebustaden er i overraskande god stand byggeteknisk sett. Det vil difor verta svært lønnsamt å gjera ein rehabilitering, men det må skje raskt.

-Vi er glade for at biskopen har uttale at han ser positivt på denne saka. Prestegarden vart bygt i 1870, og den har stått tom dei siste 20 åra, seier Bjarte Gjellesvik, som har med seg Jens K. Hauge og Sverre Gaupholm i interimstyret.

# Aksjoner for Kirkens Nødhjelp

I Arna prestegjeld vert det aksjoner for Kirkens Nødhjelp i vår.

I dette nummer av Kyrkjelydsbladet er det lagt inn ein fastebøsse. I Arna kyrkjelyd vert fastebøssen samla inn tirsdag 7. april, som er den felles aksjonsdag for innsamling for hele landet. Det vert ein dørtil-dør-aksjon i hele kyrkjelyden for å samla inn penger til Kirkens Nødhjelp.

Medlemmer og leiarar i ungdomsklubben Arken, ungdomskoret Keryx, Betania Ungdomsforening på Lone, konfirmantar, bud for kyrkjelydsbladet og soknerådet vert med på aksjonen.

I Ytre Arna vert det aksjonsdag for Kirkens Nødhjelp onsdag 18. mars, frå klokka 18.00.

Planlegginga av aksjonen vart gjort før det vart kjent at det skulle vera ein felles aksjonsdag.

Neste år vil aksjonen i Ytre Arna verta samkøyrte med den felles aksjonsdag, seier kapellan Trygve Johansen.

Det er konfirmantane som gjennomfører aksjonen i Ytre Arna i samarbeid med soknerådet. Vi er difor avhengig av å nytta den dagen konfirmantane har samling på, seier Johansen.

I Arna kyrkje vert det halde ei temagudsteneste kl. 19.30 7. april som ein avslutning på dørtil-dør-aksjonen for Kirkens Nødhjelp.

BRØD  
FOR  
VERDEN  
25 ÅR

Postgiro 100  
Bankgiro

Kirkens Nødhjelp  
Fasteaksjonen

BRØD  
FOR  
VERDEN  
25 ÅR



# «Freden smakar godt»

Tekst og foto: Håkon O. Lislerud

*Sidan 1978 har Kirkens Nødhjelp drive eit omfattande nødhjelpsarbeid i Eritrea på Afrikas Horn. Krig og tørke har skapa store behov for mat frå omverda, og dei 4 millioner innbyggjarane i landet har vore gjennom enorme lidningar i den 30 år lange borgerkrigen.*

*I mai 1991 var krigen endeleg over. Eritreane har byrja på sin tøffe kamp for å vinne freden. Til det trengs hjelp utanfrå. Kirkens Nødhjelp har bestemt at organisasjonen vil vere med på gjenoppbygginga av jordbruket,*

*helsevesenet og skulen. Nokre av midlane som blir samla inn under menighetenes fasteaksjon vil i 1992 bli brukt i det krigsherjade Eritrea.*

*Håkon Lislerud vitja Eritrea sist haust, og skildrar håpet som nå er tend fordi freden har nådd Eritrea.*

– Det er enno vanskeleg for meg å snakke om krigen og okkupasjonstida. Det vil ta lang tid før eg greier å viske bort dei vonde minna. Sjølv i dag, fem månader etter dei uforgløymande fredsdagane i slutten av mai, skvett eg til ved høge, skarpe lydar.



Medhin Zeru (45 år) ser forbi meg og utover den sundbomba hamnebyen Massawa. I 13 år har ho, mannen og dei to døtrene hennar kjempa mot undertrykking og svolt i byen som etter den endelege sigeren i mai i år har blitt sjølve symbolet på det eritreiske folket sin frigjeringskamp.

I februar i fjor vart byen teken etter fælslege kampar. Fleire tusen sivile vart sitjande fast som i ei rottefelle midt i kampområdet. Medhin Zeru miste eit av barna sine. Drepe av eit etiopisk bombefly.

Godt og vel ei veke etter at slaget var over, møtte eg Medhin første gongen. Ho sat saman med mor si i restane av heimen deira. Ho var deprimert og redd for at neste bombe ville ta fleire liv ifrå ho.

Eg var òg redd. Tilfeldigvis hadde eg hamna midt oppi dei smertefulle etterdønningane av eit av dei største og blodigaste slaga i moderne afrikansk historie.

I redsla for nye etiopiske bombefly og døden, sprang eg nervøst ikring i den utbomba byen. Døde etiopiske soldatar låg strøydde mellom utbrente tanks. Fleire tusen tonn med nødhjelpskorn frå Europa var sette i brann av etiopiske bombefly. Svart røyk la eit mørkt teppe over galskapen. Utslitt og forvirra såg eg dei to kvinnene i ruinhaugen. Eg hadde ikkje krefter til å strekkje ut ei trøystande hand. Fotograferte og sprang vidare.

## DØDEN SINE KJØPMENN

Nokre veker seinare vart det dramatiske biletet av dei to krigstrøytte menneska hengt opp på veggjen på kontoret mitt i Kirkens Nødhjelp.

Fleire gonger det siste året har kollegaer og eg stoppa opp ved biletet. Nokre berre rista oppgitt på hovudet. Andre har delt tankar om krigen si blodige verkelegheit. Kor nådelause kan menneske vere imot kvarandre? Intoleranse og maktmisbruk. Vi har diskutert krig og masseutrydding som har forfylgt menneska så langt tilbake som vi kjenner historia.

Kva er det som driv oss? Kvifor greier vi ikkje å leve i fred med kvarandre? Trass i all utvikling så er våpensal den klart største handelsvare i verda i dag.

Store og små krigar. Alle er viktige marknader for våpenprodusentane. Mange av industrilanda i vest og aust i verda tjener så store pengar på sal av alt frå små handvåpen til avanserte jagar-fly. Desse døden sine kjøpmenn dekkjer seg alltid bak behovet for arbeidsplassar når diskusjonen om moral kjem opp. Få politikarar har vilje til å stoppe sal av våpen. Følgjene av dei drepende våpna rekk aldri fram til makta sine korridorar. Rop om fridom og demokrati har blitt overdøyvde av maktpolitikk og undertrykking.

Gråten og fortvilninga til dei 30 000 barna i Etiopia og andre fattige land i den tredje verda som dør kvar dag på grunn av svolt, underernæring og krig, når berre fram til Kirkens Nødhjelp og andre hjelpeorganisasjonar. Dei må rydde opp i galskapen når lidningane blir for openlyse. Årsakane forblir ukjende.

## LYSE DAGAR

Nokre månader etter at freden var eit faktum var eg tilbake i Eritrea og Massawa. Framleis låg den før så vakre hamnebyen i ruinar. Men optimismen var til å ta og føle på. Alle snakka om framtida.

Medhin Zeru og dei to døtrene hennar var heime då eg kom for å helse på dei. Medhin var overraska og rørt over at eg huska dei. Med eit glas te trygt i handa fortalde ho om okkupasjonstida og korleis lengten etter fridomen ga dei ny styrke. Tre av barna hennar hadde krigen teke frå ho.

Det siste året hadde dei overlevd på nødhjelpsmat. Ho viste meg bomberommet bak huset der familien heldt til om nettene. Tankene var vanskelege å setje ord på då ho skulle fortelje om dei tre barna som ikkje var meir. Ho stoppa opp. Medhin ville heller fortelje om dei lyse dagane i mai då frigjeringsrørsla EPLF inntok hovudstaden Asmara og Eritrea vart erklært fritt.

– I ti dagar dansa og song vi. Vi var så lykkelege at vi gløynde å ete. Så lenge eg lever vil eg minnest fridomsfesten. Krigen har kosta oss mykje lidning og sorg, men no må vi prøve å gløyme, og sjå framover.

## Jubelår for norsk misjon

1992 er et jubileumsår for norsk misjon. Det Norske Misjonsselskap ble dannet for 150 år siden, som den første av misjonsorganisasjonene her i landet. Den norske Santalmisjon fulgte etter, 25 år senere.

«Norsk misjon har gjennom årene gjort en betydelig innsats i mange land. Ved evangelisering, menighetsbyggende virksomhet og diakonal tjeneste har norske misjonære vært med å vitne om troen på den oppstandne Herre,» skriver Bispemøtet i en hilsen til norske menigheter.

«Med takk og glede kan vi konstantere at arbeidet har båret frukt, og at det har vokst fram selvstendige og livskraftige kirker i andre verdensdeler. Forholdene for misjonsarbeidet har forandret seg gjennom 150 år, men oppdraget er det samme. Misjonens Herre kaller fortsatt til konkret og langsiktig engasjement. Misjonsoppdraget utfordrer til oppfinnsomhet og samarbeid over landegrensener og kulturbarrierer. Misjon er ett uttrykk for kirkens verdensspennende ansvarsfellesskap. Her mottar vi i dag rike impulser fra kristne kirker som i sin tid ble dannet gjennom innsats fra misjonen.

Bispemøtet vil overfor menighetene i den norske kirke understreke at hver menighet har del i dette ansvarsfellesskapet. Tradisjonelt har de lokale misjonsforeningene representert tilknytning til misjonsarbeidet. I kirkebønnen og gjennom ofringer i gudstjenesten har menigheten som helhet markert sin deltakelse i misjonen. Ofringer til misjon bør fortsatt ha høy prioritet, og foreninger eller grupper som på en spesiell måte virker for misjonen bør fortsatt være en naturlig arbeidsform i menighetene.

I den senere tid er dessuten menighetens direkte ansvar blitt tydeliggjort mange steder ved misjonæradsoppsjon, egne misjonsprosjekter og liknende tiltak. Dette har særlig skjedd innenfor rammen av Menighetenes Misjonsengasjement, hvor Misjonsselskapet, Santalmisjonen og Israelsmisjonen samarbeider med Kirkerådet. Vi er glade for denne utviklingen, og oppfordrer menighetene til å sette seg slike konkrete og forpliktende mål for sitt misjonsengasjement.

I år vil vi for første gang spesielt peke på åpenbaringstiden som en særskilt misjonstid i kirkeåret. Denne tiden gir rike muligheter til å sette misjonen på menighetens dagsorden. Vi utfordrer med dette menighetene til å markere misjonsjubileene i åpenbaringstiden 1992. På den måten markerer vi også at misjon er en umistelig del av kirkens sendelse i verden,» uttaler Bispemøtet.

## Basar for Sjømannsmisjonen

Det er med stor glede vi kan ønske velkommen til den store fellesutlodningen Terminus Hall.

Denne stor-basaren har blitt en god tradisjon her i Bergen sentrum, som mange har funnet veien til, og likt seg på.

Det er utrolig mange fine gevinster som også dette året vil bli presentert.

Vårt populære åresalg vil vi selvfølgelig fortsette med.

I tillegg til dette vil det hver dag bli underholdning av ulik art, fra pensjonistkor til de kjente Kanuttene. Blomsterdekorasjoner skal lages, gratis servering av kaffe og kaker til de mange som blir med på våre pensjonisttreff. Ja kort og godt, her skal det skje mye i løpet av disse tre dagene.

Salg av rømmegrøt m/tilbehør var stor suksess sist år, noe som vi selvfølgelig gjentar i år, med forhåpentligvis mange kjøpere.

Dette vil være på lørdagen kl. 13.00.

Vel møtt til et yrende Basarmiljø i ekte sjømannsmisjons tradisjon, med utrolig mange fine gevinster å vinne.

Det er i Terminus Hall det skjer: 26.-28. mars.

Åpent fra kl. 1100-2100 hver dag.

## GEVINSTAR

Kyrkjeringen i Ytre Arna planlegg no utlodning til inntekt for Kyrkjelydshuset. Denne utlodninga er viktig for drifta av huset. Om nokon vil vera med å gje gevinstar, så er vi svært glad for det. Ein kan kontakta nokon i Kyrkjeringen eller kyrkjekontoret på telefon: 24 85 46. Der er det lettast å treffa noko onsdag og fredag føremiddag.

## PÅSKEMØTE SOTRAHEIMEN

Vel møtt til påskemøte på  
Sotraheimen  
i tida 15.-20. april

Talarar blir: Misjonær frå Bangladesh  
SIGMUND SIGERSETH og  
Krinnssekretær  
INGVARD HAGEBERG

Nærare opplysningar og program kan ein få  
ved å venda seg til krinskantoret, tlf. 31 60 90.



# 125 ÅR

Den norske Santalmisjon 1867-1992

## EKTESKAPSDIALOG

Lutheran Marriage Encounter

# Ditt ekteskap er spennande

- Ei heil helg for dykk to utan mas og distraherande element
- Spennande 2-døgns oppdagningsreise i dykker ekteskap
- Impulsar til å sjå stort på dykkar eige ekteskap og verdsette kvarandre

Fleire opplysningar og påmeldingsskjema hjå  
KARI GODØ og LEIF SÆTHER,  
5390 Klokkekarvik, tlf. 33 95 11 eller  
RITA og EGIL GAMMELSÆTER,  
Møvik, 5370 Fjell, tlf. 33 37 10.

Nytt weekenkurs  
i ekteskapsdialog  
13.-15. mars 1992  
på Raknestunet



VELKOMEN SAMAN MED  
EKTEFELLEN DIN!

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Ytre Arna sokn:

16.02: Vidar Helland, døpt i Åsane kirke.  
23.02: Arthur Kjærland, Vegard Nævdal.

### Arna sokn:

26.01: Eirin Rygg Veseth, Marianne Karin Hansen, Erik Birkeland, Robin Olsen Fredheim.  
09.02: Bård Ian Haugland  
16.02: Nina Rohde, døpt i Trengereid kapell.

## Retting

Linn Flatås Mjelde, som vart døpt i Arna kyrkje 19.1.92, stod oppført med feilt fornavn i førre nummer av kyrkjelydsbladet. Vi er lei for trykkfeilen.



## Vigde

### Arna sokn:

Rune Norheim og Anita Vatne vigde i Eiken kyrkje 27.12.91.

## † Døde

### Ytre Arna sokn:

24.01: Alis Hydle, f. 1904  
26.01: Gudrun Sofie Tysse, f. 1928

### Arna sokn:

16.01: Malena Gjervik, f. 1903  
25.01: Alma Rolland f. 1912  
26.01: Arne Nævdal f. 1908  
27.01: Harald Bjørsvik f. 1911  
28.01: Helga Gjerde f. 1918

## Ofringar

### Ytre Arna sokn:

26.01: Norsk Gideon 1.336  
02.02: Den norske Tibetmisjon 1.130  
09.02: Det norske Misjonsselskap 2.631

### Arna sokn:

25.01: Kyrkjelydsarbeidet 3151  
02.02: Kyrkjelyds huset 2384  
09.02: Ungdommens misjonsaksjon 3483  
16.02: Bibelsmisjonsarb. i Vest-Afrika 1988  
16.02: Bibelsmisjonsarb. (kveldsmøte) 5169

## Møter

### Ytre Arna bedehus:

15.03: Nattverdmøte  
21.02: Årsmøte for Santalmisjonen kl. 18.00.  
05.04: 125-års jubileum for bedehuset. Gudsteneste i kyrkja kl. 11.00. Middag i bedehus Møte kl. 14.30. Kåre Hellem og Trygve Johansen.  
09.04: Møte

### Haugland bedehus:

10.-14. mars (men ikkje fredag 13.3)  
Møteveke v/Indremisjonen. Talar Alfred Helland.  
24.03: Årsmøte for bedhuset og indremisjonen.  
07.04: Samtalemøte.

### Arna bedehus:

08.03: Sundagssamling kl. 18.00  
12.03: Eldretreff kl. 17.00.  
13.03: Møte v/Hvite Bånd kl. 19.30.  
14.03: Ungdomskveld kl. 19.30.  
15.03: Familiekaffi kl. 17.00.  
02.04: Medlemsmøte for indremisjonen kl. 19.00.  
05.04: Sundagssamling kl. 18.00.  
09.04: Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.

### Betania, Lone:

08.03: Møte v/NLM  
10.-15.3 Møteveke v/NMS  
21.03: Basar kl. 16.00 v/Borge misjonsforening  
22.03: Møte v/BUF  
26.03: Møte  
29.03: Møte v/Indremisjonen  
01.04: Fastegudsteneste kl. 19.30.  
03.04: Fredagskafé  
05.04: Eldretreff kl. 16.00  
07.-12.04: Møteveke v/Samemisjonen.

## Kyrkjebuss frå Haukeland/Unneland

08.03: Sverre Myklebust .....tlf. 24 29 05  
15.03: Berit Haugsvær .....tlf. 24 08 15  
22.03: Ingrid Hope .....tlf. 24 08 08  
29.03: Jens Hauge .....tlf. 24 01 43  
05.04: Kari Minde .....tlf. 24 01 54  
12.04: Oddmund Skjöldal .....tlf. 24 28 76  
16.04: Skjærtorsdag: Sverre Myklebust  
17.04: Langfredag: Berit Haugsvær  
19.04: 1. Påskedag: Ingrid Hope  
20.04: 2. Påskedag: Jens Hauge  
26.04: Kari Minde .....tlf. 24 01 54

### Fra side 16

- APRIL 08** Arna kl. 19.00. Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Skriftmål/Nattverd.  
**APRIL 10** Arna kl. 19.00. Bjørgvin kirkespillgruppe spiller kirkespillet «Barabas» av Henning Langeland.  
**APRIL 12** Palmesøndag — Joh. 18, 36-40.  
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer til Arna kyrkjelyd sin barnehage.  
Arna kl. 19. Musikkandakt.  
Trengereid kl. 11. Kap. Johansen og Sigvald Storheim. Takkoffer til Kalfarkollektivet.  
**APRIL 16** Skjærtorsdag — Joh. 13, 1-15.  
Arna kl. 11. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin bispedømeråd.  
Takvram kl. 16.00. Sokneprest Nese. Nattverd.  
Arna helseheim kl. 16.00. Kap. Johansen. Nattverd.  
**APRIL 17** Langfredag — Joh. 18, 1-19,30.  
Arna kl. 11. Sokneprest Nese.  
Ytre Arna kl. 11. Kap. Johansen. Ytre Arna kyrkjekor.  
**APRIL 18** Påskennatt —  
Arna kl. 23. PÅSKENATTSGUDSTENESTE. Kap. Johansen. Liturg Arve Brunvoll. Felleskor. Nattverd.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag kl. 18.00-19.00, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelyds huset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.  
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.



## ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Kåre Bj. Hope

Tlf. 24 08 08

Mobiltelefon 090 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall.*

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

Espelands Begravelsesbyrå, som i 30 år har vore drive av Kåre Bj. Hope, har frå 1. januar 1992 endra firmanavn til Arna Gravferdsbyrå. Alle tenestene som byrået utfører er dei same som før.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna

Redaktør: Audun Stølås

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingvald Straume

Forretningsfører: Turid Vie

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr. 0805 3104445

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

## Espelands Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## Froeydis SALONGEN

Garnesveien 41 - Indre Arna

Tlf.: (05) 24 00 68

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign

Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir  
trygghet



10% for pensjonister alle dager.



## KALORIER

Mange tenker bare på kalorier som et problem når man får for mye av dem. Har du noengang tenkt på hvilken lidelse det er å alltid få for lite av dem?

Postgiro Bankgiro **100**

Kirkens Nødhjelp  
Fasteaksjonen

BRØD  
FOR  
VERDEN  
25 ÅR



## KIRKENS SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
mandag til fredag.

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland A.S.*  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna - Telefon 24 04 96

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

*a.s. Sarepta*

5260 Indre Arna

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## SAMDALS

BYRÅ

JONSVOLLSGATEN 1

90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland tlf. privat: 24 22 23



# Velkommen til kyrkje

- MARS 08** *1.s.i faste — 1. Mos. 43-7*  
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer til Norsk misjon i øst.  
**Ytre Arna kl. 11.** Misjonsprest Tor Dag Kjosavik. Nattverd. Takkoffer til Norsk misjon i øst.
- MARS 11** **Trengereid kl. 19.30.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Nattverd.
- MARS 13** **Arna kl. 19.00.** Completorium. Kulturkveld i Arna kyrkjelydshus i samband med kulturdagane i Arna. Etter completorium i Arna kyrkje er det samling i kyrkjelydshuset. Kåseri v/Arve Brunvoll: «Gamle salmer i unge struper.»
- MARS 15** *2.s. i faste — Luk. 736-50.*  
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese og Audun Stølås. Arna kyrkjekor. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule. Soknemøte etter Gudstenesta. Sak: Årsmøte.  
**Arna kl. 19.** Konsert i samband med kulturdagane i Arna.  
Andakt v/Nese.  
**Ytre Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE v/krinssekretær Ingvard Hageberg.  
Ytre Arna barne- og ungdomskor. Ytre Arna kyrkjekor.  
Takkoffer til den norske Santalmisjonen.
- MARS 17** **Ytre Arna kl. 19.** Fastegudsteneste. Kap. Johansen. Nattverd. Ytre Arna kyrkjekor.  
**Arna kyrkje kl. 19.30.** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge.  
Musikklaget Indre Arna.
- MARS 18** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge.  
Arna kyrkjekor.
- MARS 19** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Marit Stokken og Marit Hauge. KERYX.
- MARS 20** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Song- og musikk møte. Marit Stokken og Marit Hauge. Ungdomskoret Emanuel.
- MARS 21** **Arna kyrkje kl. 19.30** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge. Song ved Unge kristne. Laurdagskafe i Arna kyrkjelydshus kl. 2100.
- MARS 22** *Maria bodskapsdag — Luk. 1, 46-55.*  
**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Dåp. Barnekantoret.  
Utdeling av «Borna si kyrkjebok» til 4-åringane.  
Takkoffer til «Klubben for funksjonshemma». Kyrkjecola.  
**Arna kyrkje kl. 19.30.** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge.  
Koret Ungdomsvarden Osterøy.  
**Trengereid kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Santalmisjonen.
- MARS 24** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge.  
Hagaviktrioen.
- MARS 25** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge.  
Arna kammerkor.
- MARS 26** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge.  
Musikklaget Indre Arna.
- MARS 27** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Møte. Marit Stokken og Marit Hauge.
- MARS 28** **Arna kyrkje kl. 16.00.** Barne- og familiemøte. Marit Stokken og Marit Hauge.
- MARS 29** *4.s.i faste — Joh. 6, 24-36.*  
**Arna kl. 11.** Høgskolelektor Ragnar Grøm. Nattverd. Takkoffer til kyrkjel. arb. Søndagsskule.  
**Arna kl. 19.30.** Lovsongskveld i samband med den evangeliske aksjonen.  
**Ytre Arna kl. 16.** Kap. Johansen. Nattverd. Årsfest i kyrkjelyden. Ytre Arna kyrkjekor. Soknemøte. Årsmøtesaker. Takkoffer til Den Indre Sjømannsmisjonen.
- APRIL 03** **Takvam kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Nattverd.
- APRIL 01** **Betania bedhus på Lone kl. 19.30.** Fastegudsteneste. Sokneprest Nese. Nattverd. Arna kyrkjekor.
- APRIL 05** *5.s. i faste — Joh. 11, 45-53.*  
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Misjonær Målfrid Sandvik vert med. Dåp.  
Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen og krinssekretær Kåre Hellem.  
125 års jubileum for Ytre Arna bedehus. Nattverd. Takkoffer til Nord-Hordland indremisjon.
- APRIL 07** **Arna kyrkje kl. 19.30.** Temagudsteneste i samband med dør til dør aksjon for Kirkens Nødhjelp.